

Hordaland Fylkeskommune

17 DES 2014



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Hordaland Fylkeskommune v/Fylkestannlegen
pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

12/158-23/K2-G40/HJO

Direkte innval:

56527051

Stad/Dato:

12.12.2014

SÆRUTSKRIFT: Klinikstrukturplan tannhelse 2015 - 2030 - høyring.

Rådmannen sitt framlegg :

Ulvik herad viser til framlegg til ny fylkesdelplan «klinikstrukturplan tannhelse 2015 – 2030 som er sendt ut på høyring. Ulvik heradstyre har slik fråsegn til planframlegget:

Ulvik herad går imot framlegg til ny klinikstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030. Ulvik herad meiner at tannhelsetilbodet med tannklinik i Ulvik må oppretthaldast.

Klinikstrukturplanen slik den er lagt fram vil etter Ulvik herad sitt skjønn på fleire område føre til eit dårlegare tannhelsetilbod for innbyggjarane i Ulvik og andre kommunar som missar sin tannklinik. Ei sentralisering av tannhelsetilbodet med større klinikkeiningar og lengre reiseavstand for prioriterte pasientgrupper og andre pasientar står på fleire område i motstrid til dei oppgåvene tannhelsetenesta er sett til å løysa/ivareta.

Nedlegging av tannklinikane fører til at

- Utgifter til transport vert overført til/påført pasientane.
- Fleire og lengre reiser for pasient/følgjeperson med bil til og frå tannklinik fører til ein auke i skadelege miljøutslipp. Miljøskadane er mykje mindre dersom tannhelsepersonell køyrer til og frå Ulvik.
- Pasientar, skuleelevar og følgjepersonar må nytte mykje meir tid på sjølve tannklinikbesøket. Dette fører til auka utgifter for følgjepersonar og for den kommunale helse- og omsorgstenesta og til tapt undervisningstid for elevane i skulen.
- Det vert vanskelegare å få til godt samarbeid mellom tannhelsetenesta og dei lokale helse- og omsorgstenestene om den einskilde pasient og om førebygging/folkehelse generelt.
- Tilbodet om akutte tannhelsetenester vert sterkt redusert på dagtid.

10.12.2014 Heradsstyret

HST-057/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

Ulvik herad viser til framlegg til ny fylkesdelplan «klinikkstrukturplan tannhelse 2015 – 2030 som er sendt ut på høyring. Ulvik heradstyre har slik fråsegn til planframlegget:

Ulvik herad går imot framlegg til ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030. Ulvik herad meiner at tannhelsetilbodet med tannklinikk i Ulvik må oppretthaldast.

Klinikkstrukturplanen slik den er lagt fram vil etter Ulvik herad sitt skjønn på fleire område føre til eit dårlegare tannhelsetilbod for innbyggjarane i Ulvik og andre kommunar som missar sin tannklinikk. Ei sentralisering av tannhelsetilbodet med større klinikkeiningar og lengre reiseavstand for prioriterte pasientgrupper og andre pasientar står på fleire område i motstrid til dei oppgåvene tannhelsetenesta er sett til å løysa/ivareta.


Nedlegging av tannklinikane fører til at

- Utgifter til transport vert overført til/påført pasientane.
- Fleire og lengre reiser for pasient/følgjeperson med bil til og frå tannklinikk fører til ein auke i skadelege miljøutslepp. Miljøskadane er mykje mindre dersom tannhelsepersonell køyrer til og frå Ulvik.
- Pasientar, skuleelevar og følgjepersonar må nytte mykje meir tid på sjølv tannklinikkesøket. Dette fører til auka utgifter for følgjepersonar og for den kommunale helse- og omsorgstenesta og til tapt undervisningstid for elevane i skulen.
- Det vert vanskelegare å få til godt samarbeid mellom tannhelsetenesta og dei lokale helse- og omsorgstenestene om den einskilde pasient og om førebygging/folkehelse generelt.
- Tilbodet om akutte tannhelsetenester vert sterkt redusert på dagtid.

---0---

Kopi av saksførebuinga ligg ved.

Med helsing


Harald G. Johnsen
Helse- og sosialleiar